

Læreplan i valfaget reiseliv

Fastsett som forskrift av Kunnskapsdepartementet 12. juni 2020

Gjeld frå 01.08.2020

Om faget

Fagrelevans og sentrale verdier

Reiseliv handlar om å bidra til å få erfaring med og innsikt i lokale eller regionale reiselivstenester. Faget skal bidra til at elevane får innsikt i kva reiselivstenester har å seie for eit lokalsamfunn. Faget skal òg bidra til å synleggjere korleis reiselivet lokalt eller regionalt skaper arbeidsplassar og attraktive tenester for fastbuande og tilreisande gjestar, men òg korleis turisme kan påverke natur og miljø.

Alle fag skal bidra til å realisere verdigrunnlaget for opplæringa. Valfaget reiseliv skal bidra til at elevane kan få oppleve glede og meistring gjennom aktivitetar som er knytte til arbeid med lokale eller regionale reiselivstenester. Vidare skal faget bidra til å styrkje den lokale tilhøyrsla til elevane gjennom utforsking av kultur og natur og gjennom samhandling med gjestar og lokale reiselivsaktørar. Valfaget skal òg bidra til å utvikle respekten elevane har for lokal natur og kultur, og gi dei forståing av verdien eit berekraftig reiseliv har for eit lokalsamfunn.

Valfaga hentar innhald frå andre fag i grunnskolen.

Kjerneelement

Lokalt reiseliv

Kjerneelementet lokalt reiseliv handlar om å utforske moglegheitene som finst i reiselivet nær der ein bur. Å kjenne att særtrekk ved lokal eller regional kultur og natur er ein sentral del av kjerneelementet.

Reiselivstenester og berekraft

Kjerneelementet reiselivstenester og berekraft handlar om å planleggje, marknadsføre og utføre lokale eller regionale reiselivstenester. Vidare handlar kjerneelementet om korleis turisme og reiseliv kan påverke natur og miljø. Det skal leggjast vekt på aktivitetar som styrkjer formidlingsevna til elevane.

Kompetansemål og vurdering

Kompetansemål og vurdering reiseliv

Kompetansemål

Mål for opplæringa er at eleven skal kunne

- utforske lokalt eller regionalt reiseliv og gjere greie for tilbod til ulike målgrupper
- undersøkje og formidle moglegheiter og særtrekk ved lokal eller regional kultur og natur som kan vere attraktive i eit reiselivsperspektiv
- planleggje, marknadsføre og utføre lokale eller regionale reiselivstenester, og formidle eige arbeid med reiselivstenester
- vurdere korleis turisme kan påverke natur og miljø og finne døme på slik påverknad lokalt og globalt

Undervegsvurdering

Undervegsvurderinga skal bidra til å fremje læring og til å utvikle kompetanse i faget. Elevane viser og utveklar kompetanse i valfaget reiseliv når dei deltek i planlegging og gjennomføring av reiselivstenester, når dei tilpassar kommunikasjonen til ulike målgrupper og situasjonar, og når dei vurderer korleis reiselivstenester og turisme kan påverke natur og miljø.

Læraren skal leggje til rette for elevmedverknad og stimulere til lærelyst gjennom varierte praktiske oppgåver som utfordrar elevane til å arbeide utforskande og kreativt og tilpasse kommunikasjonen til ulike målgrupper og situasjonar. Læraren skal vere i dialog med elevane om utviklinga deira i faget. Elevane skal få høve til å prøve seg fram. Med utgangspunkt i kompetansen elevane viser, skal dei få høve til å setje ord på kva dei opplever at dei får til, og reflektere over si eiga faglege utvikling. Læraren skal gi rettleiing om vidare læring og tilpasse opplæringa slik at elevane kan bruke rettleiinga for å utvikle kompetansen sin i faget.

Standpunktvurdering

Standpunkt karakteren skal vere uttrykk for den samla kompetansen eleven har i valfaget reiseliv ved avslutninga av opplæringa. Læraren skal planleggje og leggje til rette for at eleven får vist kompetansen sin på varierte måtar som inkluderer forståing, refleksjon og kritisk tenking, i ulike samanhengar. Læraren skal setje karakter i reiseliv basert på kompetansen eleven har vist gjennom å utforske lokalt eller regionalt reiseliv, gjennom arbeid med å utvikle lokale eller regionale reiselivstenester og gjennom å vurdere berekrafta til desse tenestene og reiseliv generelt.

Vurderingsordning

Eleven skal ha éin standpunktkarakter.